

---

Saksnr: 2021/26343-1  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Klagenemnda		31.08.2021

**Klagesak - klage på vedtak om tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy - Vestgar**

Forslag til vedtak

Klage frå Øygardsbåtane AS på vedtak om tilskot til fartøyet Vestgar frå ordningane «Sikring og istandsetjing av verna fartøy» 2021, vert ikkje teken til følge.

**Samandrag**

Vestland fylkeskommune har motteke klage frå Øygardsbåtane AS, på vedtak om tilskot til fartøyet Vestgar frå ordninga «Sikring og istandsetjing av verna fartøy» 2021. Det er klaga på storleiken på tildelinga, klagar meiner at det er tildelt for låg sum til fartøyet Vestgar. Vedtak om tildeling av tilskot vart gjort i møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 25.03.2021, PS 37/21. Klagen er motteken den 30.04.2021. Klagen vart handsama i møte i hovudutvalet den 14.06.2021, PS 96/21. Hovudutvalet fann ikkje grunn til å endre vedtak i sak 37/21.

Saka vart sendt til den fylkeskommunale klagenemnda for endeleg avgjerd.

Fylkeskommunedirektøren har vurdert klagen og rår til at klagen frå Øygardsbåtane AS over vedtak av 25.03.2021, «Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy» 2021, Vestgar, ikkje vert teken til følge.

Rune Haugsdal  
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
avdelingsdirektør for organisasjon og økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:

1. Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2021 PS 37/21 hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.03.2021.
2. Klage på vedtak om tilskot, frå Øygardsbåtane AS den 30.04.2021.
3. Saksframlegg, klage på vedtak om tilskot til fartøyvern - Vestgar, PS 96/21 hovudutval for kultur, idrett og integrering den 14.06.2021.
4. Protokoll, handsaming av klage, hovudutval for kultur, idrett og integrering.
5. Oversending av klagesak til klagenemnda, 25.06.2021.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld klage på tildeling av tilskot til fartøyet Vestgar frå ordninga «Sikring og istandsetjing av verna fartøy» 2021. Vestland fylkeskommune har motteke klage frå Øygardsbåtane AS ved dagleg leiar Einar Geitanger. Øygardsbåtane AS gjer som klagegrunn at den tildelte sum til fartøyet Vestgar er for låg.

M/S «Vestgar» blei levert frå Høivold Mek. Verkstad til Øygardsbaatane som byggenummer 12 i 1957. Skipet er ein god representant for etterkrigstidas «sjøbussar». Øygardsbåtane AS eig og driftar det freda fartøyet MS Vestgar. For 2021 søkte laget om nær tre millionar i tilskot til istandsetjing frå post 74. I møte 25.mars 2021 gjorde Hovudutvalet vedtak om tilskot på kr 500 000 for året 2021, og eit tilsegn på kr 200 000 for året 2022, til Vestgar. Dette meiner Øygardsbåtane AS er ein for låg sum, både samanlikna med andre fartøy og med tanke på oppgåvene dei står framfor.

Søknaden frå Øygardsbåtane AS omhandla mellom anna skifte av stålplater og fenderlist for 1,8 million kroner. Tildelinga på totalt kr. 700 000 strekk ikkje til for å fullføre tiltaket. Likeins peikar Øygardsbåtane AS på at innreiing må demonterast før stålarbeidet tek til, og seinare remonterast. Dette arbeidet har ein kostnad på kr. 449 000,-. Det er viktig å få dette gjort ferdig i ein omgang, med omsyn til at fartøyet er i drift i sommarhalvåret.

Som ein del av regionreforma overtok fylka ansvaret for å handsame søknader om tilskot til kulturmiljøtiltak gjennom ordninga i statsbudsjettet kap. 1429. Klagen gjeld vedtak om tilskot frå post 74 *Tilskot til Fartøyvern*, der målet er å «sikre og setje i stand, og bruke til formidling, freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigar skriftleg har akseptert å følgje Riksantikvaren sine antikvariske retningslinjer». Ordninga vart lyst ut i heile Vestland med søknadsfrist 1. november 2020. Tilskota skal i følgje utlysinga gå til « ( ....) konkrete restaurerings.- istandsetjings og vedlikehaldsarbeid».

Ved søknadsfristen var det kome inn 36 søknader frå fartøy frå post 74 for 2021. Samla søknadssum var på 58 millionar. Frå dei freda fartøya, som det offentlege har eit særskilt ansvar for, kom det søknad om vel 15 millionar til naudsynt sikring og istandsetjing. Tala syner eit stort behov for sikring og istandsetjing av dei verna og freda fartøya i Vestland. Samla tilskotssum var på 10,8 millionar.

Fylkesdirektøren peikar i vedtak av 25.03.2021 sak PS 37/21 på tre faktorar som har fått stor betydning for prioriteringane i denne tildelingsrunden:

1. Vestland fylke har i høve til fjoråret, etter våre berekningar, fått ein reduksjon på vel 3 millionar i den statlege løyvinga over post 74 .
2. Fleire av dei store stålfartøya har pålegg med tidsfristar som gjeld til dels store utbetringar i skrog. Desse står i fare for å miste nødvendig sertifisering for 2021 sesongen.
3. Retningslinjer for tildeling over post 74 krev prioritering av omfattande prosjekt som tidlegare er sette i gang av Riksantikvaren.

Summen som er til fordeling utgjer knapt 17% av søknadsmassen. Dei tre faktorane er kvar for seg utfordrande og når dei opptrer saman som i år, er det ekstraordinært. Dette har krevd ei streng prioritering av tiltak som kan tildelast midlar og det er i denne saka lagt vekt på «retningslinjer for tildeling frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74». Her heiter det at fylgjande tiltak skal prioriterast:

- Vidareføre prosjekt som beslaglegg slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av post 74
- Freda fartøy
- Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar
- Fartøy med stor frivillig innsats

Fylgjande tiltak vert ikkje prioritert i 2021:

- Kosmetiske tiltak
- Tilbakeføringar eller endringar som ikkje inngår i allereie igangsette tiltak

Igangsetting av nye prosjekt

- Igangsetting av prosjekt utan tilstrekkeleg tilstandsvurdering, restaureringsplan og prisestimat

- Tiltak som ikkje kjem fartøyet direkte til gode, som t.d. ulike former for formidlingsprosjekt og liknande

Også fartøy som oppfyller kriteria for tilskot, og/eller fell inn under prioriteringane over, fekk avslag, eller redusert tilskotsbeløp i forhold til søknaden, i vedtak av 25.03.2021. Med ei strammare prioritering, får færre fartøy stønad til sikring og istandsetjing over ordninga i 2021.

I grunngevinga for tildelinga for Vestgar heiter det:

*«Skipet har allmenn interesse og er tilgjengeleg for ålmenta. Eigarorganisasjonen syner økonomisk gjennomføringsvilje og - evne. Det er stort lokalt engasjement kring skipet med dugnadsinnsats og det har lokal/regional finansiering*

*Freda fartøy*

*Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er igangsatt med tilskot frå post 74*

*Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar*

*Fartøy med stor frivillig innsats.»*

Øygardsbåtane AS ved dagleg leiar Einar Geitanger sett fram klage på vedtaket den 30.04.2021.

Klagesaka vart behandla i møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 14.06.2021.

Hovudutvalet fatta følgjande vedtak:

*1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering meiner at det ikkje er kome inn moment i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.*

*2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering opprettheld vedtak i sak 37/21 handsama 25.03.21. Klagen vert ikkje tatt til følge.*

Søklar	Objekt	Omsøkt	Tildeling	Tilsagn 2022
Øygardsbåtane AS	Vestgar	2 922 862	500 000	200 000

### Rettsleg grunnlag

Det går fram av forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd, vedtak som kan påklagast, klageinstans:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

For enkeltvedtak som er truffet av forvaltningsorgan opprettet i medhold av lov om kommuner og fylkeskommuner, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller etter disses bestemmelse, formannskapet eller fylkesutvalet eller en eller fleire særskilte klagenemnder oppnevnt av kommunestyret eller fylkestinget. For enkeltvedtak som er truffet av egne rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen, er klageinstansen en eller fleire særskilte klagenemnder som er oppnevnt av det øverste organet i rettssubjektet. Departementet er likevel klageinstans når vedtak er truffet av kommunestyret eller fylkestinget eller av det øverste organet i eget rettssubjekt som har fått overført myndighet fra kommunen eller fylkeskommunen. Vedkommende statlige organ er klageinstans når vedtak er truffet i henhold til myndighet delegert fra et statlig forvaltningsorgan.»

Det går fram av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for klagenemnda pkt. 5, klagenemnda sin kompetanse:

*«Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34. Vedtaket det vert klaga på kan avvistast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.»*

Det går og fram av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for kultur, idrett og integrering, pkt. 3 «Saker der utvalet har avgjerdsmynde»:

«Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde».

Rettleiar i tilskotsforvaltning for avdeling for kultur, idrett og inkludering pkt. 4.2 «Handsaming av klage ved einskildvedtak» annet avsnitt seier:

«Før saka vert sendt over til klageinstansen (t.d. klagenemnda i VLFK) for endeleg avgjerd skal saka handsamast på ny i vedtaksorganet (t.d. KULI)».

### **Klagen**

Øygardsbåtane AS har ved dagleg leiar Einar Geitanger satt fram klage på vedtak av 25.03.2021, den 30.04.2021. Klagen lyder slik:

#### *«Begrunnelse for klage*

*Søknaden vår var for skifte av stålplater og fenderlist på kr. 1.811.550 Vi får kr. 500.000 i år og 200.000 for neste år. Dette er kanskje nok penger til å skifte ein del av det vi har søkt om, kanskje er det nok til å skifte dette i BB- og SB-salonger. Men før dette stålarbeidet kan starta, må innredninger demonterast og seinare monterast. Dette har vi ikkje fått støtte til, og alle veit jo at dette må takast før stålarbeidet startar. Vi må jo starta i rett ende. Kun innredning i begge salongar vil vel utgjera omlag kr. 200.000 - 250.000. Totalt med bysse og messe kr. 448.902. Det er viktig å få dette gjort ferdig i ein eingong, då fartøyet er i drift i sommarhalvåret. Det er då frustrerande og sjå at fartøy som ikkje er i drift på ein del år enda, har fått million beløp i støtte, samt million beløp i forhandtilsagn for neste år.*

*På dette grunnlag så klagar vi på vedtaket for støtte til M/S VESTGAR*

#### *Årsaker til klage*

*Tildelt sum er for lav»*

### **Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering si vurdering av klagen**

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering har den 14.06.2021 gjeve følgjande vurdering:

*«Fylkesdirektøren viser til PS 37/2021. Med ein samla søknadssum på 58 millionar ein stor trong for sikring og istandsetjing av dei verna og freda fartøya i Vestland. Med låg dekningsgrad i rammetilskotet frå Riksantikvaren på knapt 17% av søknadsmassen, har dette har kravd ei streng prioritering av tiltak som kan tildelast midlar. Også fartøy som oppfyller kriteria for tilskot, og/eller fell inn under prioriteringane (...), har fått avslag, eller redusert tilskotsbeløp i forhold til søknaden. Tildelinga til Vestgar må sjåast i samanheng med rammevilkåra som er skildra over. Øygardsbåtane AS uttrykk for misnøye med tildelinga, også samanlikna med tildelingar gjort til andre fartøy i PS 37/2021. Fylkesdirektøren står fast ved fordelinga, som var tufta på «retningsliner for tildeling frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74. Her heiter det at fylgjande tiltak skal prioriterast: Vidareføre prosjekt som beslaglegg slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av post 74  
Freda fartøy  
Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar  
Fartøy med stor frivillig innsats*

*Etter ei ny og samla vurdering ser ikkje fylkesdirektøren at det har kome fram opplysningar som gir grunnlag for å gjere om vedtaket. Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtaket frå 25. mars 2021, der søknaden fekk tilskot på kr 500 000 for 2021, og eit tilsegn på kr 200 000 for 2022. Søknaden frå Vestgar vart vurdert opp mot retningslinene og dei prioriterte tiltaka i ordninga. Fylkesdirektøren rår til at vedtak frå Hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.03.2021 vert oppretthalde.»*

### **Fylkeskommunedirektøren si vurdering av klagen**

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering har vurdert søknaden og klagen. Dei kan ikkje sjå at det har kome inn moment i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak av 25.03.2021, tildeling av tilskot til sikring og istandsetjing av Vestgar, og har ikkje funne grunn til å ta klagen til følgje.

Det er klaga på den tildelte summen. Det var søkt om ca 2,9 millionar i tilskot. Det vart fatta vedtak om tilskot på kr. 500 000 for året 2021 og gjeve tilsegn på kr. 200 000 for året 2022.

Tilskotsordninga er ikkje regulert i lov eller i forskrift. Det er gjeve retningslinjer for tildeling frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74 og rettleiar i tilskotsforvaltning for Kultur, idrett og integrering. Fylkeskommunedirektøren vil imidlertid vise til at forvaltningsskjønnet er stort for tildeling av midlar under tilskotsordninga, som ikkje er rettigheitsbasert. Utøving av skjønnet må likevel vere innanfor dei kriterier som følgjer av retningslinjene og rettleiaren for tilskotforvaltning. Forvaltninga må sjå til at det ikkje vert gjort usakleg forskjellshandsaming av søkjarar, at avgjerda bygger på relevante omsyn og ikkje er vilkårlig, og at skjønnsutøvinga ikkje er urimeleg. Med mange søkjarar og begrensa med midlar/tilskot, må forvaltninga gjere prioriteringar mellom søkjarane.

I klagen gjev Øygardsbåtane uttrykk for at dei ikkje er nøgd med tildelinga. Dei viser til at søknaden deira gjaldt skifte av stålplatar og fenderlist på kr. 1.811.550,-. Dei vart løyvd kr. 500.000,-, noko dei finn for låg sum. Dei viser til mellom anna at innredningar må demonterast i salong og bysse, dette har dei ikkje fått støtte til. Det er viktig å få utført arbeidet no, då fartøyet er i drift i sumarhalvåret. Det går og fram i klagen at Øygardsbåtane finn det frustrerande å sjå at andre fartøy har fått tildelt millionbeløp i støtte.

Ved prioritering av tiltak som kan tildelast midlar, vart det lagt vekt på «retningsliner for tildeling frå Statsbudsjettet kap. 14 1429 post 74». Her gjekk det fram av følgjande poster skal prioriterast:

- Vidareføre prosjekt som beslaglegg slipp eller dokk med arbeid som er finansiert av post 74
- Freda fartøy
- Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar
- Fartøy med stor frivillig innsats

I grunngevinga for tildelinga for Vestgar i heiter det i underinstansen/hovudutvalet si vurdering:

*«Skipet har allmenn interesse og er tilgjengeleg for ålmenta. Eigarorganisasjonen syner økonomisk gjennomføringsvilje og - evne. Det er stort lokalt engasjement kring skipet med dugnadsinnsats og det har lokal/regional finansiering*

*Freda fartøy*

*Vidareføre og ferdigstille prosjekt som er igangsatt med tilskot frå post 74*

*Fartøy som står i fare for å miste sertifikat utan utbetringar*

*Fartøy med stor frivillig innsats.»*

Fylkeskommunedirektøren finn at underinstansen/hovudutvalet har føreteke si vurdering etter dei retningslinjene som låg til grunn for skjønnsutøvinga. Det er etter fylkeskommunedirektøren si vurdering ikkje grunnlag for å konstatere at det er feil ved skjønnsutøvinga eller saksbehandlinga ved vurdering av søknad om tilskot til fartøyet Vestgar.

I klagen går det fram at Øygardsbåtane finn det frustrerande å sjå at andre fartøy har fått tildelt millionbeløp i støtte. Det var mange søkjarar til ordninga, og begrensa med midlar/tilskot. Det kom inn 36 søknader. Forvaltninga må då prioritere mellom søkjarane. Nokre av fartøya har i vedtak av 25.03.2021 fått avslag på søknad om tilskot, sjølv om dei oppfylte krava for tilskot og kom inn under prioriteringane som nemnt ovanfor. Nokre av fartøya har fått tildelt ein lågare sum i tilskot enn den summen Vestgar fekk tildelt. Fylkeskommunedirektøren finn at underinstansen har føreteke si vurdering etter dei retningslinjene som låg til grunn for skjønnsutøvinga.

Fylkeskommunedirektøren kan ikkje sjå at det i klagen kjem fram opplysningar som gjer grunnlag for å endre vedtak av 25.03.2021 der det vart løyvd kr. 500.000 for året 2021 og gjeve tilsegn for året 2022 på kr. 200.000.

Fylkeskommunedirektøren finn på denne bakgrunn å rå til at klagen frå Øygardsbåtane AS på vedtak om tilskot til fartøyet Vestgar frå ordninga «Sikring og istandsetjing av verna fartøy» 2021, ikkje vert teken til følgje.

Vedtakskompetanse

Klagenemnda. Det vert vist til reglement for klagenemnda punkt 2 «Oppgåver».

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Klagesaka gjeld fordeling av øyremerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar ikkje fylkeskommunen sitt budsjett eller økonomi.

**Klima:**

Ikkje relevant.

**Folkehelse:**

Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ikkje relevant.

Konklusjon

Klagen vert ikkje teken til følgje